

9. Spørsmålet er stilt av Tor Ryland «med alle beboere rundt Næringsparken»,  
Dalstøvegen

Det blir stilt fire spørsmål om tilhøva ved Mjåtveit næringspark og nærområdet. Eg vil starte med å gi honnør til at naboar engasjerer seg når det er ei utvikling i nærområde som ein ikkje er nøgd med. Dette gir kommunen mulighet til å undersøke saken og gi tilbakemelding til tiltakshavar om at det er ting ein reagerer på. Samstundes er det avgrensingar på kva ein kan reagere på når det gjeld privat grunn. Og spesielle forhold er det politiet og ikkje kommunen som bør handtere.

Samstundes er det alltid ein viss fare for konflikt når industriområde ligg tett på bustadareal, spesielt når

Generelt kan vi svare at det er reguleringsbestemmelsane for området som er styrande for kva for tiltak som er tillatne innanfor eit område. Avvikande tiltak må ha ein gyldig dispensasjon. Slik eg forstår det er den gjeldande rubbhallen byggemeld og oppført lovleg. Når det gjeld kva som er lovleg å oppbevare på eigen grunn viser eg til det eg svarte på eit spørsmål tidlegare i dag. Både gjenstandar som er til sjenanse eller kan medføre fare for forureining kan det reagerast på, men terskelen for å kunne gripe inn når det gjeld estetikk er høg. Her er det dialog med grunneigar som gjerne er løysinga. Fare for forureining er det klart at det må reagerast sterkt på.

Når det gjeld bråk og støy som bryt med natteroen tenkjer eg at dette er ei sak for politiet. Det er klare reglar for dette som ikkje kommunen har mynde til å handheve. Når det gjeld naturkvaliteten i området så tenkjer eg at her bør kommunen sin skog- og miljøkonsulent kunne ta ein synfaring på området og gjerne komme med si vurdering av det som er skildra.

Generelt kan vi seie at det er tiltakshavar/grunneigar som er ansvarleg for at betemmingane i reguleringsplanen blir etterlevde, men at kommunen vil følgje opp dette om det viser seg at desse ikkje blir følgde. Eg vil sørge for at dei bekymringane som naboar har i dette konkrete tilfellet blir følgd opp av kommunen og at det blir vidareført til Mjåtveit næringspark.

Frekhaug, 14.12.2016  
Øyvind H Oddekalv  
ordfører